

# Sjekkliste Teknisk plan

Sjekkliste skal fyllast ut av tiltakshavar/prosjekterande ved leveranse av tekniske plan og leggjast ved søknad om igangsetningsløyve. For å sikre ei god og raskast mogeleg behandling, er det viktig med gode teikningar og informasjon som svarar ut punkta under. Omfanget til Teknisk Plan er avhengig av tiltaket si form og storleik.

Nr.	Dokument	Innhald	Kommentar	Sjekk (ja, nei, ikkje aktuelt)
1	Notat/ fylgjebrev	Skildring av tiltaket	Enkel og presis skildring av tiltaket, med info. om anlegg som skal etablerast t.d. formål med utbygginga, tal på boligar og personekvivalentar det vert dimensjonert for o.l., storlek på utbygginga (antall bustadar, kvadratmeter næring, o.l.), forventa framdrift, o.l.  Skildringa avheng av tiltaket sin s art og omfang.	
		Involverte aktørar	Opplisting av alle involverte aktørar og deira rolle, til dømes; tiltakshavar, grunneigar, entreprenør, vass- og avløpslag, ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande, m.m.	
		Føringar frå overordna og tilstøytande planar	Henvisning til overordna planar/styrande dokument, slik som: <input type="checkbox"/> VA-rammeplan for aktuell utbygging, <input type="checkbox"/> tilstøytande VA-rammeplanar <input type="checkbox"/> evt. fråsegn og dialog med kommunen, <input type="checkbox"/> VA-norma <input type="checkbox"/> gjeldande reguleringsplan, o.l.	
		Tekniske tilhøve	<b>Drikkevatn</b> A. Høgaste og lågaste statiske trykk innanfor planområde/tiltaksområde. B. Dimensjonerande mengd forbruks- og sløkkevatn. C. Kapasitet ved nærmaste sløkkevassuttak. D. Plan for pluggkjøring/spyling av felles ledningsnettet.  <b>Avløp/spillvatn</b> E. Dimensjonerande mengde avløp. F. Skilding av avløpsnettet sin design/virkemåte (t.d. sjølvfall, pumpe, felles pumpe for fleire abonnentar, drift- og vedlikehald av fellesanlegg/pumpestasjonar avtaler og avtaler for dette, o.l.).  <b>Overvatn</b> G. Skilding av overvasshandtering <ul style="list-style-type: none"> <li>i. Flaumvegar og flaumsoner</li> <li>ii. Fordrøyning</li> <li>iii. Infiltrasjon</li> </ul> Dimensjonering skal dokumenterast. For fordrøyningsmagasin skal vidareført	

		<p>vassmengde skrivast på teikning og fordrøyningsmagasinet sitt nedbørfelt teiknast inn på ein situasjonsplan. Flaumnivå som er lagt til grunn for prosjektering skal skrivast på teikning. Flaumveg skal beskrivast fram til nærmeste resipient eller etablerte flaumveg (bekk, kulvert, innsjø, sjø).</p> <p><b>Anna</b></p> <p>H. Skildring av terrenginngrep (senking/heving av terrenget, etablering av murar, fjellskjæringer, o.l.). Terrenginngrep skal også visast på teikningsvedlegg.</p> <p>I. Skildring av evt. trøng for midlertidig/provisorisk VA-anlegg.</p> <p>J. Informasjon om kva grunnlagsdata som er kvalitetssikra. Normalt vil det vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>i. Høgd på tilknytningspunkt til eksisterande leidningsnett.</li> <li>ii. Tilkomst til VA-ledningar: Der kor det ikkje er åpenbart at det er tilfredsstillande tilkomst til leidningsanlegget, skal tilkomsten til leidningsanlegget vurderast. Aktuelle tema å vurdere er leggedjup, grøftetverrsnitt, fundamentteringsdybde på nærliggjande konstruksjonar, m.m. Tilkomst kan dokumenterast ved skildring eller teikning.</li> <li>iii. Slukkevasskapasitet.</li> </ul>	
	For prosjekt der det ikkje føreligg ein VA-rammeplan	Dersom det ikkje allereie et utarbeidd ein VA-rammeplan, skal tema som normalt inngår i denne også inngå i teknisk plan	
	Avvik frå VA-norm inkl. retningslinjer for overvasshandtering	<p>Planlagde avvik frå VA-norma skal listast opp. Problemstillingar som førekjem ofte er leggedjupne, avstand til byggverk og tilgang for drift og vedlikehald.</p> <p><b>Det vert forutsett</b> at prosjekterande rådgjevar har eigne sjekklistar for VA-prosjektering for kontroll av teknisk design som lufteventil i høgbrekk, leggedjup, forankring, avstand mellom kummar, minimums- og maksimumsfall, med mykje meir. Det vert forutsett og at prosjekterande kontrollerar eigen prosjektering opp mot VA-norma.</p>	
	Reguleringsfråsegn	Omtale av reguleringsfråsegn for vatn og avløp, og korleis desse fråsegna er handtert.	
	Veg	Skildring av utforming og val av vegløysingar.	
	Høve til annan infrastruktur	Anna infrastruktur, som straum- og telekablar, areal for snøbrøyting og renovasjon skal omtalast	

<b>2</b>	<b>Teikning 1: Situasjons- plan (VA og veg)</b>	Eksisterande VA-anlegg som vidareførast.	A. Dimensjonar på eksisterande VA-leidningar.	
		Eksisterande VA-anlegg som verte teke ut av drift.	B. Ledningane skal markerast som «utgår».	
		Planlagt/omsøkt VA-anlegg	C. Føreslått eigarskap til nytt vatn- og avløpsanlegg skal framkomme av teikningen. D. Tilknytningspunkt til eksisterande leidningsnett skal visast. E. Dimensjonar og type nye VA-leidningar. F. Kumplasseringar. G. Stoppekranar	
		Plassering av slokkevassuttak	H. Avstand til hovudangrepsvei iht. TEK17 skal dokumenterast/visast på teikning.	
		Terrenginngrep	I. Senking/heving av terreng, etablering av murar, fjellskjæringar, o.l. J. Sentrale terrenghøgder.	
		Eksisterande og nytt vegnett (Evt. eigen teikning avhengig av omfang)	K. Avhengig av omfang kan dette vere aktuelt; veglys, rekverk, renovasjonsområde, snøplassering, trease for kabelområde....	
<b>3</b>	<b>Teikning 2: Situasjons-/oversikts- plan (overvatn m.m.)</b>	Nye og eksisterande flaumvegar og flaumsoner	A. Nye flaumvegar og flaumsoner skal visast på kartvedlegg. Dimensjonerande vassmengd og flaumnivå skrivast på kartet. B. Fordøyningsmagasin skal teiknast inn på kartet. Nedbørfeltet til fordøyningsmagasinet, magasinvolum og videreført vassmengde skal skrivast inn på teikningen.	
		Naturlege avrenningsmønster og evt. endringar i avrenningsmønster og nedbørfelt.	C. Avrenningsmønster skal visast enklast med avrenningslinjer og nedbørsfelt utarbeidd ved hjelp av GIS-analyse. Tilgrensande nedbørfelt skal og visast på oversiktskart. Kartet skal vise heile nedbørsfelt(et). Kommunedelplankartet kan nyttast der det er formålstenleg.	
		Infiltrasjon	D. Areal avsatt til infiltrasjon	
<b>4</b>	<b>Teikning 3: Andre teikningar</b>	Naudsynte teikningar avheng av tiltaket sin art og omfang. Fylgjande teikningar er ofte aktuelle:	Avhengig av kompleksiteten på tiltaksområdet kan det vere naudsynt å utarbeide fleire teikningsvedlegg. Til dømes kan teikning nr. 2 utarbeidast som 2 teikningar (ein for eksisterande situasjon og ein for ny situasjon), det kan være naudsynt med eigne teikningar av særskilt kritiske tversnitt, stikkrenner, pumpestasjonar, og liknande	
		1. Detaljteikning av avkjørsler, inkludert	A. Sjå vegnorm for Hordaland. (Stigningsforhold, avrenningsforhold, terrenghøgde og siktelinjer kan vere aktuelle tema)	

		<p>fallforhold i avkjørselen.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>2. Plan- og profil av VA-leidningane.</li> <li>3. Detaljteikningar av kummar.</li> <li>4. Normalprofil for vegnett</li> <li>5. Grøftesnitt</li> </ol>	<p>B. Sjå eksempelteikning i VA-normen vedlegg A1.</p> <p>C. Sjå eksempelteikning i VA-normen vedlegg A11, A12, A15, m.fl.</p> <p>D. Sjå vegenorm for Hordaland.</p> <p>E. Sjå eksempelteikning i VA-normen.</p>	
<b>5</b>	<b>Digitale filer</b>	Normalt ikkje påkrevd.	3D-modell, innsynsløysingar og liknande dersom det er utarbeidd eller formålstenleg.	
<b>6</b>	<b>Andre vedlegg</b>	1. Signert erklæring om rett til å ha leidning liggjande.	A. Der kor det vert planlagt VA-leidningar som skal overtakast til kommunalt drift og vedlikahaldast, skal det for dei kommunale leidningane innhentast signert erklæring for rett til å ha leidningane liggjande i grunnen. Det same gjeld dersom ledningar vert liggjande over annan manns grunn	
<b>7</b>	<b>Annен informasjon</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utsleppsløyve for private avløpsanlegg</li> <li>2. Påsleppsløyve til eksisterande leidningsnett</li> <li>3. Søknad om tilknytning til VA-ledning</li> </ol>	<p>A. Utsleppsløyve for private avløpsanlegg (til dømes minirenseanlegg) skal søkast om separat.</p> <p>B. Påslepp til eksisterande leidningsnett må omsøkast separat.</p> <p>C. Gjeldt ny tilknytning (nytt VA-abonnement).</p>	